

Høyringsuttale:

NOU 2003: 14 Betre kommunal og regional planlegging etter PBL

Flora kommune ser i hovudtrekk positivt på intensjonane i framlegget til ny Planlov (NOU 2003: 14). Etter vårt syn er framlegget langt på veg i samsvar med noverande beste praksis i kommunar og fylkeskommunar. For brukarane av lova - forvaltning, politisk miljø og utbyggjarar - meiner vi det er viktig at ein òg i lovtaksten får til den forenkling og fleksibilitet som vi oppfattar er utvalet sin ambisjon. Vi er òg samde med utvalet at det framleis er behov for ei samla Plan- og bygningslov og at lovutviklinga på dette feltet må vere kontinuerleg og slik at lovtaksten til ei kvar tid vil vere i samsvar med dei utfordringar som ligg i samfunnsplanlegginga og med god praksis.

Vi er samde i at framlegget til ny planlov kan vere eit godt grunnlag for å styrke den politiske styringa og for å framheve behovet for samfunnsplanlegging. Særleg trur vi grepa som vert gjort i høve til kommunale planstrategiar vil bidra til større politisk eigarskap til planar og planlegging, større politisk deltaking og betre politisk forankring tidleg i planprosessen.

I tråd med kva utvalet sjølv òg peikar på vil vi hevde at betydinga av endringane som utvalet legg opp til i høve til dagens lov i stor grad vil vere eit spørsmål om korleis lova blir brukt. I kva grad ein oppnår den forenkling, demokratisk forankring og fleksibilitet i planprosessane som lovframlegget føreset vil langt på veg vere eit spørsmål om korleis dei einskilde kommune vel å praktisere lova og har plankapasitet til å forvalte lova. I tillegg vil vi òg tilføye betydinga av endringane vil avhenge av kva forskrifter den nye lovtaksten blir følgd opp med. Vi trur òg det er riktig at realisering av ein samfunnsmessig gevinst av eit nytt plansystem vil kreve at kommunane får tilført auka ressursar til planoppgåver. Særleg i ein overgangsperiode før lovendringane er allment kjende og ny lovpraksis er etablert og innarbeidd vil det kreve ekstra ressursar og det må påreknast relativt store transaksjonskostnader.

I høve til dei einskilde framlegga har Flora kommune fylgjande merknader:

- Dei foreslegne endringane i planstruktur kan i ein overgangsfase skape forvirring utad og vil - i alle fall i denne overgangsfasen som vi erfaringsmessig veit vil kunne bli langvarig - kunne skape større byråkratisering i staden for den forenklinga som ligg til grunn at ein skal oppnå. Vi vil derfor be om at denne faren blir teken omsyn til og at det blir gjeve naudsynt informasjon og elles sett i verk naudsynte tiltak for å lette innføringa av ein ny planstruktur.
- Vi ser det som positivt at konsekvensutgreiingar vert innarbeidd som ein integrert del av planprosessen og at behovet for konsekvensutgreiingar kjem fram i planprogrammet. Likevel finn vi grunn til å presisere at innføring av konsekvensutgreiingar i plansystemet ikkje må føre til auka byråkratisering eller meir rigide og omfattande utgreiingskrav enn naudsynt. For rigide krav til konsekvensutgreiingar vil kunne true legitimiteten til plansystemet. Vi meiner derfor at kommunar og fylkeskommunar må få høve til å sjølv finne dei rette avgrensingane av kva som er naudsynt å konsekvensutgreie.
- Vi ser òg positivt på at plan vedteken etter Plan- og bygningslova skal leggjast til grunn når vedtak etter andre lover på saksområder som vert omfatta av planen skal fattast. Vi meiner denne endringa er ei viktig skjerping som gjer at sektorane må forholde seg til planar etter

Plan- og bygningslova. Dersom mogeleg meiner vi at det ville vere ynskjeleg at særlover vart samordna med eller integrert i Plan- og bygningslova i enno større grad enn utvalet gjer framlegg om. Vi meiner òg at dette bør gjelde også for konsesjonshandsaming etter vassdragsreguleringslova, vannressurslova og energilova. Dette er viktige spørsmål som etter vårt syn skal og bør vurderast i plansamanheng og ikkje overlatast til sektorane.

- Endringane i lovteksten i høve til motsegn og mekling vil, etter vårt syn, vere viktig som konfliktdepar og for å unngå uheldig bruk av motsegn. Behovet for motsegn kan reduserast monaleg ved at konflikta kjem opp og vert avklara tidleg i planprosessen. I utgangspunktet støttar vi òg mindretallet sitt framlegg om at retten til motsegn fell bort dersom ein ikkje har delteke i planprosessen tidlegare. Det bør ikkje vere mogeleg å unndra seg samhandlingsplikta i planprosessen og samstundes ha rett til å fremme motsegn. Samstundes gjer vi merksam på at mindretallets framlegget stiller store krav til kommunane om å vere merksame på alle planar som kan berøre kommunen sine interesser. Det er òg eit viktig krav at ei motsegn skal grunngjevast. I framlegget til ny lovtekst framstår det uklart kva som skal leggjast i «spørsmål som er av nasjonal eller regional betydning». Vi meiner derfor det er behov for ei avklaring av kva ein kan reise motsegn til og for ei presisering av at grunngjevinga skal vere basert på konkrete tilhøve i kvar einskild sak. Det er gjeve signal om større fridom til kommunane - dermed må òg det lokale folkestyret få større innverknad på å definere kva som er lokale og regionale interesser. For at dette skal fungere må det nasjonale nivået gje større fullmakter til regionalt og lokalt nivå enn det gjer i dag.
- Når det gjeld meklingsmynde, som det i framlegget ikkje er fastlagt kven som skal vere, meiner vi at det i dei fleste motsegnssaker er ei avveging mellom ulike interesser og at spørsmålet som oftast er av politisk art. Som hovudregel bør derfor fylkeskommunen tilleggjast meklingsmynda. Dersom fylkeskommunen er part i konflikta eller dersom konflikta er av formell art eller gjeld rettstryggleiksspørsmål bør fylkesmannen vere meklar.
- Vi er positive til at fylkesdelplan for arealbruk kan gjevast særleg rettsverknad dersom dette kan opne for større grad av regionale forvaltningsregimer og retningslinjer på bekostning av nasjonale regimer og ikkje på bekostning av lokal handlefridom og lokal styringsrett. På eindel felt er det behov for arealplanlegging på tvers av kommunegrensene som bind opp ulike regionale og lokale aktørar og som gjer planen forpliktande for alle aktørane. Dersom ein gjev fylkesdelplan for arealbruk særleg rettsverknad er det viktig at det blir etablert gode prosessar og at regionale statlege organ og vert bundne av planen.
- Det nye framlegget i høve til forbod mot bygging m.v. i 100-metersbeltet langs sjøen oppfattar vi i realiteten som ei skjerping av gjeldande paragraf. Gjennom plan og føresegnar til arealdelen i kommuneplanen er det viktig at kommunane framleis bør kunne legge opp til ei differensiert forvaltning av strandsona. Godt planlagde tiltak bør ikkje kunne stogkast med ei generell tilvising til denne paragrafen. Strandsona er etter vårt syn eit godt døme på at det er behov for ulike regionale forvaltningsregimer. Slik vi ser det er det korkje ynskjeleg, rimeleg eller behov for at strandsonevernet blir praktisert likt i Oslofjord-området og i Sogn og Fjordane. Hos oss er det fråflytting - ikkje privatisering av strandsona - som er hovudproblemet. For vår del er det derfor viktig å kunne finne ein lempelig dispensasjonspraksis, særleg i høve til bustad- og næringsføremål. Strandsoneforvaltning meiner vi derfor kan vere godt eigna for regionale retningslinjer gjennom ein fylkesdelplan for arealbruk med særleg rettsverknad.